



KLARE MED SEKKANE: KRISTIAN OLAV BRINGEDAL, GUNN MARI MOBERG OG ÅSLAUG SYSE

I ettermiddag har Uskedal Utvikling starta aksjonen som skal gjera bygda rein og tiltalande til Grunnlovsdagen. Leiar og primus motor Kristian Olav Bringedal var på farten med dei karakteristiske grøne sekkane og delte dei ut til ivrige søppelinnsamlarar. Det var i tråd med føremålsparagrafen til UU, som seier at dei skal stimulera til rydding i sentrum, rundt skulen og langs elva.



[Branntroppen tek seg av området rundt Grano](#)

- Der dei frå før har gode vanar blandar vi oss ikkje opp i det,sa Kristian. -Det gjeld til dømes SPAR og femte klasse på skulen som har ein årleg ryddeaksjon. Elevane skal plukke søppel den 16.mai. Dei skal også plukke søppel der toget skal gå dagen etter.

Vi sørger imidlertid for å bringe sekkar ut til velforeningane og konkretgjeld det Geilo, Korsnes, Halsabrotet og Skårhaug. Måndag 12. mai vert så den store, årlege dugnaden gjennomført på Stemneplassen, Også elveeigarlaget har lova å gjennomføra rydding. Privatpersonar gjer også ein innsats, i dag gjeld det såleis Brekktoppen og Beinavikjo, opplysar UU-leiaren.

Også branntroppen har vore i aksjon i ettermiddag - med effektiv spyling av området rundt Grano.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen